

Kriteria Rom for møte - teknologi, spel og integrering 2020

Føremål med ordninga

Formålet med prosjektet er å bygge vidare på det gode arbeidet som vert gjort for å bidra til mangfald og betre integreringa lokalt i biblioteka. Det kan gjerast ved å tilby digitalt utstyr og skape aktivitetar som utviklar sosiale møteplassar i lokalsamfunna, i samarbeid med frivillige og andre relevante aktørar. Målet er at barn og unge kan møtast rundt felles interesser for teknologi og spel.

Kven kan søke?

Kommunale folkebibliotek i Vestland fylke. Søkarar som har fått tildelt midlar før, kan også søke for 2020. Bibliotek kan også søkje saman.

Søknadsfrist

20. april 2020.

Kva kan ein få støtte til?

Folkebiblioteka kan søke om midlar for å skape gjensidige møteplassar i lokalsamfunna - for flyktingar, andre innvandrarar og lokalbefolkninga i samsvar med tildelinga frå Gjensidigestiftelsen. Det vil seie at ein kan søke innan tiltaksområda: Makerspace og digitale verkstader, spelerom for bibliotek, speling som sosial aktivitet og kodeklubb. Ein kan søke om midlar til spel, enkle møblar, spekonsollar, skjermar etc.

Det blir ikkje gitt støtte til utbygging av lokale.

Støtte og finansering

Budsjett: kr 250 000. Maksimal søknadssum per prosjekt: kr 50 000.

Bibliotek kan søke om midlar til organisering og administrering av aktivitetane (t. d. opp til 25 % i frikjøp tilknytt større prosjekter).

Vurdering

Søknadar vil vurderast ut frå om tiltaket er i tråd med føremålet med ordninga, heilskap knytt til aktivitet, samarbeidspartnerar og budsjett.

Krav til søknaden

For å få støtte må søknaden innehalde tilstrekkeleg informasjon / dokumentasjon:

- om prosjektet eller tiltaket
- føremål for og presentasjon av prosjektet eller tiltaket
- informasjon om korleis arbeidet er planlagt gjennomført
- budsjett for tiltaket.

Søknaden skal fremjast på elektronisk søknadsskjema.

Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova ligg til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. Forvaltningslova (Fvl.). Unnatak gjeld personopplysningar. Desse vert unnateke offentlegheita jf. Fvl. §13. I særlege tilfelle kan utsett offentlegheit vurderast etter Fvl. Ta kontakt med sakshandsamar ved spørsmål.

Avdeling for Kultur, idrett og inkludering førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframlegget. Vedtak som fråvik frå fylkesdirektør si innstilling skal også grunngjevast. Søknadene skal i hovudsak vere handsama innan tre månader etter søknadsfrist.

Oppfølging og rapportering

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden.

Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan tre månader etter at tiltaket er gjennomført. Krav til rapportering blir sendt ut saman med eventuelt vedtak om støtte. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Klage

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen vert sendt til Vestland fylkeskommune.